
Rundesymposiet er ein årviss nasjonal møtestad for akademien, næringsliv, organisasjonar og styresmakter med mål om å gjere ein konkret skilnad. Symposiet går av stabelen i mai, og er arrangert av Runde Miljøsentert og Havforskningsinstituttet. Vi ønskjer å inspirere og formidle innsikt samt å medverke til gode løysingar for meir og betre bruk av havet og ressursane i havet – med nye hovudtema kvart år.

Når: Frå 4. mai lunsj kl. 12.00 til 5. mai kl. 13.00
Kvar: Runde Miljøsentert, 6096 Runde

Tema: HAVVIND – EIT NYTT INDUSTRIEVENTYR?

Kva veit vi, kva treng vi å vite og korleis kan vindressursane til havs utviklast og utnyttast til beste for natur og samfunn?

I år vil RundeSymposiet ta for seg havvind sett frå forskings-, teknologi-, miljø- og forvaltningssida – og ikkje minst sett frå næringslivet si side. I løpet av eit energisk døgn vil innleiarar og deltakarar drøfte havvind i eit overordna samfunnsmessig perspektiv.

PROGRAM¹ DAG 1: EIT HAV AV MOGLEGHEITER

12:00-13:00: Registrering og lunsj

13:00: VELKOMEN TIL RUNDESYMPOSIET 2023

- **Ragnvald Nærø**, styreleiar Runde Miljøsentert og **Nils Gunnar Kvamstø**, direktør Havforskningsinstituttet.

13.15: NORGE KAN BLI LEIANDE PÅ HAVVIND – VIL VI DET, OG KVA SKAL TIL FOR Å TA DENNE POSISJONEN? KORLEIS SKAL VI SIKRA SAMEKSISTENS MELLOM NÆRINGANE I HAVET? KORLEIS SIKRA SEKTOR-OVERGRIPANDE PROSESSAR SOM VERN OG NÆRINGSUTVIKLING? KVA ER STATUS FOR STYRESMAKTENE SIN AUKSJONS- OG STØNADSMODELL FOR HAVVIND?

Mange av leverandørbedriftene, inkludert dei maritime, har relevante erfaringar og referansar frå offshore som er overførbare til havvindmarknaden. Dette er eit klart konkurransefortrinn for utviklinga framover. Fornybar energi til havs er eit område der stor vekst er mogeleg – om vi tar rette avgjerder i dag, og legg til rette for krav gjennom auksjonsmodellen for havvindkonsesjonar. Vi snakkar om å gå frå offshore olje/gass til offshore fornybar. Kva må til for å få dette på plass, og kva er status for styresmaktene sine satsingar på eit mogeleg nytt industrieventyr?

¹ Program per 2. mai, endringar kan bli aktuelt.

- Innleiar: **Stein Lier-Hansen**, adm. dir. Norsk Industri (30 min)
- Innleiar: **Kristin Myskja**, ekspedisjonssjef Olje- og energidepartementet (20 min)
- Innleiar: **Sigrid Eskeland Schütz**, professor Universitetet i Bergen (20min)

14.30: Beinstrekk

15:00: KORLEIS KAN NYE INCENTIVPROGRAM eller RADIKALE NYE LØYSNINGAR FOR HAVVIND UTVIKLAST – ENKLARE, BILLEGARE OG MED MINDRE MILJØKONSEKVENSAER?

- Innleiar: **Rune Volla**, avdelingsleiar Norges Forskningsråd (15 min)
- Innleiar: **Elsbeth Tronstad**, leiar samfunnskontakt i World Wide Wind og tidlegare statssekretær i Utanriksdepartementet (15min)

15:30: PANELDEBATT (og med salen) om det nye industrieventyret om kva som er rett tempo i innfasing og omstilling. Debatten vert leia av Ragnvald Nærø.

- **Gunvor Ulstein**, nestleiar i Ulstein Group og styreleiar i Ulsmo
- **Stig Remøy**, konsernsjef Olympic
- **Stig Brautaset**, adm. dir. SpareBank 1 Søre Sunnmøre
- **Audun Maråk**, adm. dir. Fiskebåt

16:00: EI STORSTILT UTBYGGING AV HAVVIND HAR STORE KONSEKVENSAER FOR MILJØET OG LIVET I HAVET. KVA VEIT VI, OG KVA TRENG VI Å VITE? REFLEKSJONAR OM TEKNOLOGI, MILJØ OG UTVIKLING TIL HAVS

- Innleiarar: **Frode Vikebø**, forskningssjef Havforskningsinstituttet. (15 min)
- Innleiar: **Dag O. Hessen**, professor i biologi ved Universitet i Oslo (15 min)

16:30: PANELDEBATT (og med salen). Debatten vert leia av Sissel Rogne, fagdirektør Havforskningsinstituttet.

- **Hans Petter Hildre**, professor NTNU (Møre Ocean Lab)
- **Bjørn Jalving**, Senior Vice President Technology i Kongsberg Maritime
- **Stein Lier-Hansen**, adm. dir. Norsk Industri
- **Kristin Myskja**, ekspedisjonssjef Olje- og energidepartementet
- **Sigrid Eskeland Schütz**, professor Universitetet i Bergen.

Ca.18:00: EKSKURSJON TIL FOTS ELLER TIL HAVS

Guida gåtur til fuglefjellet.

Båttur til Rundebranden (etter påmelding).

20:30 MIDDAG med påfølgjande lett underhaldning.

PROGRAM DAG 2: HAVVINDUTVIKLING I EIT OVERORDNA FISKERI- OG SAMFUNNSMESSIG PERSPEKTIV

07.30: FRUKOST

08.30: VELKOMEN TIL DAG 2 – Sissel Rogne og seniorforsker Øivind Bergh, Havforskningsinstituttet – Om havvind-akvakultur og arealplaner – Et EU Lighthouse demonstrasjonsprosjekt for flerbruk i havvindparker

08:40: HAVVIND og FISKE passar ikkje saman! GOD FORVALTNING av fiskeressursane er overordna viktig for samfunnet. Korleis skal vi få dette til, leggje til rette for det nye og samstundes ta vare på fiskeressursane som skal vare til evig tid?

- Innleiar: **Frank Bakke-Jensen**, fiskeridirektør og tidlegare EU-minister og forsvarsminister (20 min)
- Innleiar: **Sverre Johansen**, generalsekretær i Norges Fiskarlag (15 min)

09:15: ... OG KVA meiner FISKARANE?

Samtale mellom forskingsleiar **Nils-Roar Hareide**, Runde Miljøsenters og reiar/tidlegare skipper **Paul Harald Leinebø** og **Remi Teistklubb** som i dag er skipper på trålaren Molnes frå Giske.

09.45: Beinstrekk

10:15: OM VEGEN VIDARE:

1: ENERGIOMSTILLINGEN ER AVHENGIG AV FAKTA, KLARE MÅL, SMART TEKNOLOGI OG VILJE TIL Å TA OMSYN TIL NATUREN I EIT SAMSPEL MELLOM NÆRINGAR

- Innleiar: **Nils Klippenberg**, adm. dir. i Siemens og styreleiar i Norsk Industri Elektro og Energi (25 min)

2: KYSTØKOLOGI ER VIKTIGARE ENN NOKON GONG. KORLEIS BALANSERE VERN OG BEREKRAFTIG BRUK I EIT 100-ÅRS PERSPEKTIV?

- Innleiar: **Birgit Oline Kjerstad**, Sosialistisk Venstreparti, Stortinget (15 min)

11:00: OPPSUMMERANDE PANELDISKUSJON. Debatten vert leia av Ragnvald Nærø.

- **Frank Bakke-Jensen**
- **Nils Klippenberg**
- **Birgit Oline Kjerstad**
- **Sigrid Eskeland Schütz**
- **Elise Fiske**, dagleg leiar i Maritim Forum

11.55: Vel heim og VELKOMMEN tilbake i 9. og 10. mai 2024!
Ottar Håkonsholm, dagleg leiar Runde Miljøsenters.

12.00: LUNSJ